



Wenche Schulze c/o Rolf Andersen
Tyriveien 46
5104 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/834 - 14/3568

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
11.03.2014

Godkjenning - oppføring av terrasse og innbygging av trapp, gnr. 5, bnr. 25/116 på Fløksand.

Administrativt vedtak. Saknr: 44/2014

Eigedom: 5/25, 116
Byggjeplass: Fløksand
Tiltakshavar: Wenche K. Schütse v/Rolf Andersen
Planstatus: Kommuneplanen – LNF-område
Søknad om: Innbygging av trapp, oppføring av terrasse

Saksutgreiing:

Meland kommune viser til søknad motteke 19.02.2014 om innbygging av trappa og oppføring av terrasse på eigedomen gnr. 5, bnr. 25, 116 i Meland kommune.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjons-handsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 23.01.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 19.02.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til innbygging av trapp og oppføring av terrasse på gnr. 5, bnr. 25 og 116 i samsvar med søknad stempla motteke 19.02.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 19.02.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast jf. Forvaltingslova § 28, sjå vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Mottakere:

Wenche Schulze c/o Rolf Andersen Tyriveien 46 5104

EIDSVÅG I ÅSANE

